

**KONTROLLUTVALET I  
SANDØY KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 02. september 2019, kl. 15.45  
Møtestad: Sandøytunet

Møtet vart leia av Svein Ove Søholt.

Elles til stades:

Ann Elin Apelseth Harnes og Jan Kåre Brunvoll.

Ikkje meldt forfall: Nils Erling Finnøy og Liss Anniken Hagen.

= 3 **voterande**

---

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå administrasjonen møtte rådmann Anny Sønderland.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte ansvarleg revisor Anne Nygård.

Innkallinga og sakslista vart godkjent.

---

**Sak 14/19 - Godkjenning av møtebok frå 13.05.2019**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 13. mai 2019 blir godkjent.

---

**Sak 15/19 - Innstilling på val av revisjonsordning og revisor for nye  
Ålesund kommune etter 1. januar 2020**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 26. august 2019

Det blei opplyst i møtet at Møre og Romsdal Revisjon SA blei skipa i Kristiansund fredag 23. august 2019. Kontrollutvalet valde derfor å stryke setninga i innstillinga punkt 2 som lydde: «...så fram selskapet blir stifta som planlagt».

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Fellesnemnda vel revisjon i eigenregi for nye Ålesund kommune.
2. Fellesnemnda vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for nye Ålesund kommune.

**Sak 16/19 - Vurdering av revisors uavhengigheit**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 26. august 2019

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet i Sandøy kommune tek revisors vurdering av uavhengigheit til vitande.

---

**Sak 17/19 - Rapport etter rekneskapsrevisjon 2018 — Sandøy kommune.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 26. august 2019

**Leiar Svein Ove Søholt fremma på vegne av utvalet fylgjande forslag til nytt punkt 2:**

Sandøy kontrollutval ber kommunestyret merke seg punktet i rapporten om etterberekning av vederlag for opphald i institusjon. Kontrollutvalet føreset at desse merknadane blir vurdert snarast. Dette gjeld ei sårbar gruppe som burde vore prioritert.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Sandøy kontrollutval tek revisjonsrapporten 2018 til vitande.
  2. Sandøy kontrollutval ber kommunestyret merke seg punktet i rapporten om etterberekning av vederlag for opphald i institusjon. Kontrollutvalet føreset at desse merknadane blir vurdert snarast. Dette gjeld ei sårbar gruppe som burde vore prioritert.
- 

**Sak 18/19 - Kommunal beredskapi Sandøy kommune. Orientering ved rådmann**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 26. august 2019

Saka vart lagd fram utan tilråding til vedtak.

Rådmann orienterte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det blei orientert om auka merksemd på informasjonsutveksling mellom leiinga og stab.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

## **Eventuelt:**

Kontrollutvalet forventar at byggerekneskapen på nye Sandøytun er ferdig politisk behandla og lagt fram til utvalet på neste møte 25. november 2019.

---

Møtet var slutt kl. 17.35

Svein Ove Søholt  
Leiar  
(sign.)

Ann Elin Apelseth Harnes  
medlem  
(sign.)

Jan Kåre Brunvoll  
medlem  
(sign.)